

SPRÅKLIK SAMLING

1972

13. ÅRGANG

NR. 2

JULI

GITT UT AV LANDSLAGET FOR SPRÅKLIK SAMLING

Ord stormende stille – i larmens tid

Taler ved overrek-
kelsen av litteratur-
prisen til Hans Børli

Se side 4



Norsk Språkråd

Se side 7



Norsk Scenespråk

Se side 9



EF- og Språklig
Samling i Norge

Se side 10



Bokmeldinger

Se side 13

Om forfatteren Hans Børli

Av

Ola Jonsmoen



Hans Børli fekk eine foten slått tvert av under vindfall-hogst i sommer. Snautt nokon gong før i sitt diktarliv har han derfor hatt så mykje tid på seg i stovekroken til tankearbeit og diktning. Det skulle undre meg mykje om vi ikkje snart får sjå rike resultat. Det laut gå ein fot før Hans Børli fekk setje seg til berre å vere diktar.

Det fortel oss eitkvart om dei kår Hans Børli har arbeidd under. Dei har ikkje vore lette for ein diktar som naturleg vart meir og meir kravstor overfor tømmerhoggaren. Så det gjer godt med eit sabbatsår, seier Børli med ei svensk ordleggning, — eg har no elles hogd meir enn nok tømmer i mitt liv. Nei, det har ikkje vore lett alltid, for Børli. Likevel trur eg ikkje det er rett å seie at barkespaden og økseskiftet har vore eit negativt handfeste. Sli-

SPRÅKLIK SAMLING

tet i skogen har ein dobbel valens. Iallfall har det gjort Børli langt ektare enn mange av dei høgt erklærte proletardiktara ne vi i dag les om. Hans Børli kjenner arbeidslivet og slitet innanfrå. Han har tatt ryggtak med naturressursane. Tapt krefter og tid, vunne nokre stakkarslege kroner. Han kjenner derfor både nederlaget og slektskapet. Han veit korleis reiskapen kan ligge godt i hendene, men og korleis han syg krafta or ryggen og armane, korleis arbeidsdagen grånar av i motløyse, korleis sveitten svir og kjølnar.

På same viset kjenner han sine ord. Hans dialektfarga bokmål er eit rikt levande uttrykksmiddel. Det er langt på veg ein uttrykksmåte. Han treng ikkje gjere seg kunstig folkeleg. Han treng ikkje proletarisere sitt språk ved tvang. Prosesen har nærmast vore om-snudd. Han har løft sitt heimskule småkårsfolk, og det er mange hundre tusen det, opp på sitt nivå, der alle som vil det må oppdage at alle ord er ekte jamvel om dei både er bokfjerne og dialektfarga, fordi den menneskelege tale alltid er edel når ho er glødd av eit medmenneskeleg hjarte og kvesst til av ein energisk, romslig tanke.

I dag er Hans Børli ein av våre fremste lyrikarar. Frå debuten i 1945 og fram til i dag fortel bøkene hans om ubrotten vokster. Ja, det er ei reint eventyrleg utfalding som ligg mellom *Tyielden* frå den gong og diktsamling *Isfuglen* frå 1970. Børlis vengespenn var mykje mektigare enn nokon kunne drømme om. Den måtte nærmast vere synsk som skulle

ha sett summen av fantasi, opprør og protest, respekt og medkjensle som dei siste diktsamlingane hans har representert, i dei usikre, famlande dikta i *Tyielden*. I dag er motiv og utforming fri og sjølstendig. I motsetnad til andre lyrikarar som kan ha nett ei liknande fortid formelt sett, med heller hjelpelause vers på samvitet, har ikkje Børli knept seg til gjerrig og bunden i sitt formspråk. Han er knapp og ekte, men sumtid overraskande ødsel med ord, som den må bli freista til å vere i skogars einsemd. Jamvel om heile verda etterkvart er komen med i Børlis diktning er han nemleg i mest alt han skriv framleis knytt til jorda og skogen, til slitet og sveitten og dei bleike stjernehimlar over trøtte arbeidstimar.

I dag vil alle som les lyrikk gle seg over den mottakinga Hans Børli får. Han er ikkje berre beundra av dei som tradisjonelt dyrkar lyrikk, anten dei no søker sjelskrydder, åndelege stimulanser av sterke art, eller jafsa med seg ei diktbok eller to i sin leseunger. Børli er likeleg hos breie grupper, om ein kan snakke om noko slikt i samband med lyrikk. Han er attpå pop hos dei unge, og fortener å vere det.

Kva meir veit vi om han? Til dømes dette at han er fødd på ein husmannsplass langt av lei i grenskogane i Eidskog, synst i Hedmark, tre mil frå bygd og butikk og jernbane, den 8. desember 1918. Her voks han opp. Her fekk han grunn til å kjenne seg som paria, diskriminert, og her voks det fram ei mindre-verdkjensle i han som kunne ha knekt nokon kvar. Men ikkje Hans Børli. Visst var han

ein stakkari i samanlikning med dei velfødde åkerbøndene nede i bygda. Men han visste tidleg om andre verdier attå eigedom og pengar.

Slik formar Børli-landskapet seg, og blir røyndom. Det ytre ligg i kringom han, med tømmerskog og koier, med einsemd og naturidyll ved Børen sjø, fred og ro i avstengde snøvintrar, isolasjon og slit, men også gløtt av lykke. Som ei veik spegling av det ytre tar det indre landskapet form. Sansen for venleik gjer koieslihet uthaldeleg. Han tar til å forma ord til dikt, som er Børlis kallesignal mot livet. Rop i einsemd. Her er diktet kommunikasjonen i den eigentlegaste meningen av ordet. Han skriv om det så seint som i 1970:

*Min engstelige frihet,
min flyktninghimmel og
mitt håp — alt
skylder jeg Ordet.*

Men dei første dikta er ikkje berre hans S.O.S. utetter. Dei blir særkjenne ved hans karakter. Børli får identitet. Slitet gir namn og tyngd. Einsemda nærer den ville lengselen. Inne i dei mørke grenseskogane fødest Hans Børli for andre gongen. Han som talte stumt skriv ord, og når etterkvart menneska og får dei i tale. I dag diktar han ikkje berre for sjøl å rope ut etter kontakt, men meir fordi han synest han har noko å gi. Og han snakkar vårt språk.

I alle år har Hans Børli budd i Eidskog. Med postadresse 2230 Skotterud. Det er eit ørlite fast punkt i tilværet, og ei hamn for reiser mot det ukjende.

Når ein les dei siste bøkene til Børli vil ein undre seg over kor stutt vegen er mellom

OVER TIL SIDE 3, 3. SPALTE

SPRÅKLIG SAMLING

Redaktør: Ivar Grotnæss

Frichsgt. 3-5, Oslo 3 — Tlf. (02) 46 78 97

STERK I FORM — STERK I SAK

Norsk språkråd hadde nytt møte 14. og 15. april i år. Det ble gjort et sterkt og godt vedtak om sidemålsopplæringa og om lærebokspørsmålet i samband med utkastet til ny lov om mellomskolen.

Et annet vedtak var av meir tvilsom karakter. Ordlyden var slik:

«Bokmålsseksjonen i Norsk språkråd mener at det må skje en liberalisering av rettskrivingsreglene i bokmål, og at dette må settes i verk så raskt som mulig. Før en fullstendig rettskrivningsrevisjon kan settes i gang, nedsettes det straks et hurtigarbeidende utvalg, bestående av fagnemndas bokmålsmedlemmer med varamenn, som tar for seg reglene for a) hunnkjønnsbøyningen, b) flertallsbøyning av intetkjønnsord og c) fortidsbøyning av svake verb, og dets uttalelse oversendes departementet.»

Til denne saka var det ikke sendt ut saksdokument til rådsmedlemmene. Brev fra riksmaalsfolk blei lest opp for bokmålsseksjonen, og på dette grunnlaget ville noen rådsmedlemmer presse fram en uttalelse til departementet uten å la saka bli skikkelig utgreidd av fagfolk.

Rådets vedtekter § 3 bestemmer at «ingen sak må tas opp

til avgjørelse på rådsmøtet hvis den ikke har vært ført opp på sakslisten, med mindre rådet enstemmig beslutter det.» Rådets vedtak blei det kompromisset vi har sitert ovafor.

Etter vedtekten § 6 er fagnemnda et konsultativt organ som har til oppgave «å utrede spørsmål av rent språklig karakter for rådet.» Men etter loven er det Norsk språkråd som skal gi myndighetene råd i språkspørsmål. Vi går derfor ut fra at framlegget fra utvalget blir lagt fram i samla rådsmøte og realitetsdrøfta der før det blir sendt statsmaktene.

Dersom det skulle skje at prinsippespørsmål som har stor virkning for norsk språkutvikling, skulle bli behandla bare av et engere utvalg og styret, og flertallet av medlemmene i rådet ikke skulle få høve til å uttale seg om saka i samla møte, vil det være i strid med forutsetningene.

Vi har sendt brev til Språkrådet, og bedt om at det tar omsyn til våre synsmåter. Brevet er gjengitt på annen plass i bladet. Trulig vil mange si at dette er å male en viss person på veggen, men røynslene fra møtet 14. og 15. april gir grunn til å være på vakt mot utglidning. Sterk i form, sterk i sak.

Skotterud og verdsens fjernaste krokar. Han slepp liksom mellomstasjonane. Det er direkte samband mellom Eidskog og New York, eller Himalaya, eller Månen. Sjøl forklarar han det slik:

*Jeg har set Akropolis,
for jeg har aldri vært der.*

Det er vel derfor han ikkje er nokon kvardagsturist kansje. Han ser og blir glad ved det han ser, men også motlaus, slik det kjem sterke fram i dei siste bøkene hans. Børli er så audmjuk og så respektfylt framfor livet og det som lever, at otte og sorg nærast blir dei sterkeste element i opplevingane hans. Vår maltrakte jord er ikkje lett å glømme:

*Hverken Armstrong, Collins eller Aldrin sa det,
men sett fra Månen tror jeg
Jorden ligner et menneske-
kranium med store mørke skallebrudd etter tunge slagvåpen.*

Mangfoldig er vel helst den nemninga som best høver på Hans Børlis store lyriske produksjon. Heile 13 diktsamlinger har han skapt på dei 27 år sia debuten. På eit vis har tømmerhoggaen erobra verda gjennom desse diktsamlingane, noko dei utvalde dikta frå 1968 med fellestittelen *Når menneskene er gått heim* klarast veit å fortelje. Mindre kjend er Pørli som prosadiktar, og med rette er han komen i skuggen av lyrikaren. Men han har skrive tre romaner og ei samling forteljingar. Titlar som *Han som valte skogen* og *Under lomskillet* fortel sitt om motiv og naturbakgrunn.

Det sentimentalt lyriske som ein hugsar frå dei første bøke-

SPRÅKLIG SAMLING

ne til Børli er borte. Han kunne seie,

*Her i skogen
her er je født
og her har je fristet min dag.* —

Det var vakkert, på eit vis, og ufarleg, trass i dei harde arbeidstak. I dag er det kvassare realitetar å støyte på. Motorsaga, siste modell, snerrar mellom lyske og bark.

*Du lettsindige lille djevel
som dreper freden og skogsuset
med hysterisk motorbrøl og
forpester skogens ville duftet
med bensinos og oljestank.*

Det er denne snerrande kampen om pengane som får Hans Børli til å protestere. Han er no som før nådelaus mot det som held eit menneske nede. For medmennesket meir enn politiske program får Børli til å knyte neven i oppreistvilje. Likevel har det kome ein resignert tone over somme av dei seinaste dikta hans. Han synest mykje er kaldt, vondt, skremmande umenneskeleg. Men resignasjonen er ikkje margstelande. Børli har ikkje sleppt taket i det som er, det som lever. Slik seier han det i diktsamlinga *Ved bålet* frå 1962:

*Daglig går jeg
skoleveien ut til tingene.
Myhanken på strået
og Cassiopeias gylne rune:
bokstaver i det alfabet
jeg møysommelig forsøker
å stave.*

Her ligg truleg Hans Børlis bodskap, som likevel blir farga av nøktern optimisme. Ja, for når alt kjem til alt er det berre sjølv naturen og mennesket si eigen livsvilje som er attende å feste tiltru til. Og ordet, det veike, som når gjennom larm til menneska: —

*Ord så stormende stille
at menneskene tror
det er sitt eget hjerte de hører.*

Dei lågaste ord, og dei rette orda. Hans Børli er derfor ein tolk for alle småkårsfolk: Han er av vår ætt. Han fortel om vår otte. Vår motløyse. Men han kan og trøyste, utan å lyge seg bort frå samtida av den grunn.

Tale ved overrekkselen av litteraturprisen til Hans Børli

19. mai 1972.

Kjære Hans Børli.

*Dine dikt flyr bort fra deg.
Du eier dem bare
denne korte stund av strid,
denne oppfluktens skrå time
før de får luft under vingene.*

Slik begynner du diktet «Ved skrivebordet» som du sendte oss da vi i Landslaget for språklig samling fortalte deg at vi hadde til hensikt å tildele deg vår beskjedne litteraturpris for 1971.

I løpet av de korte måneder som er gått siden du skreiv dette, må du ha fått en forunderlig kjensle av at nettopp dette har hendt for deg at «dine dikt flyr fra deg». Din diktning har virkelig fått større vingefang, sterkere bærekraft og mer luft under vingene.

Du er i sannhet kommet inn i «oppfluktens skrå time». Vi vet at du ble brukt i forslag til Nordisk Råds store pris. Vi har sett deg på skjermen, særleg godt husker jeg intervjuet Erik Bye hadde med deg da grenselosenes hverdag i en ublid etterkrigstid ble trukket inn i sammenhengen. Mange leste sikret det fine lørdagsintervjuet

med deg i Aftenposten for kort tid siden. Så kommer da meldingen på selveste 17. mai om at du var blitt tildelt Doblouprise.

Vi i Landslaget for språklig samling er glade og stolte over at vi har kunnet yte vår lille skjerv til din «oppfluktens skrå time». Måtte din ferd mot høydene fortsette i den samme banen den nå har lagt seg på!

Landslaget for språklig samling gir ikke en litteraturpris hvert år. Til det er vi en altfor liten flokk uten økonomisk bæreevne. Siden laget ble til i 1959 har vi delt ut prisen til Kåre Holt, som fikk den et par år etter Aasta Holth. Den siste prisen gikk til en som var lenket til et livslangt sykeleie og som ikke er blant oss lenger, Elling Solheim.

Lykkeligvis er du ikke lenger lenket til sykesenga etter ditt stygge uhell da du fikk den ene foten slått av i fjor sommer. Under tømmerhogst. Det minner oss om at du er en skogens mann og en skogens dikter. Det er skogens liv som kanskje mer enn noe annet har preget din diktning fra den første samlingen i 1945, *Tyielden*. Siden da har vi kunnet glede oss over en rik vokster fram til *Isfuglen* i 1970. 13 diktsamlinger er det blitt siden de fjerne uhyggens år. De fleste glømmer vel i farthen at du også har skrevet tre romaner og en samling fortellinger.

En saumfaring av din diktning hører ikke til ved en anledning som denne. Andre og mer kapable folk får ta seg av den oppgaven i andre sammenhenger. Ola Jonsmoen har skrevet om deg i en artikkel som kommer i bladet vårt.

LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Medlemspengar, kr. 10,— pr. år.
Postgiro 16 378.

Formann:

Rakel Seweriin, Fastingsgt. 7, Oslo 3, tlf. 60.67.89

Kasserer: Johs. Fosså, Postb. 636, Oslo 1.

Ellers kan jeg røpe at du er blitt offer for hovedfagsstuderter på Blindern. De skriver om din lyrikk. Men enda er du ikke blitt konservert på et par linjer i litteraturhistoriene i skolen. For et par dager siden satt jeg med den 11. utgaven av *Johs. A. Dales* litteraturhistorie for gymnasiet, som jeg sjøl leste til artium. Jeg kan bekrefte at ditt navn ikke fantes der, enda om navn som *Dag Solstad* og *Paal-Helge Haugen* var med i opprampsingen. Pris deg lykkelig over at det tar sin tid å bli hermetisert.

Nå står vi foran den nyeste diktsamlingen, *Kyndelsmesse*. *Kyndelsmesse*, lysmessen på midtvintersdagen, var dagen da bjørnen snudde på seg i sitt vinterhi, om vi skal feste lit til gammal folketrø. Du har iallfall «snudd på deg» og «rugget» deg hit inn til oss for å ta mot vår vesle hyllest til din skaperkraft. Den er i pakt med det beste i vår østlandsnorske dikttradisjon. I østlandsnorsken har du funni ditt språk, og det er der vi i Språklig samling har funni deg. Skal våre to skriftspråk noen gang flyte sammen på naturlig vis slik at Wergelands kongstanke kan bli realisert, må det skje med feste i de rike dialekten i østlandsnorsken. Det er på dette grunnlaget og i takknemlighet over hva dette språket har betydd for din tankeverden at vi i Språk-

lig samling har villet tildele deg litteraturprisen for 1971.

Det vil ikke forbause noen, aller minst deg, at prisen er et bilde med skog- og fjellheimen på Østlandet som motiv. Malearen *Harald Risberg* er opphavsmannen til dette verket. Han er i slekt med deg både i lynne og tankeflukt. Med et slikt felles hopehav håper vi at du vil kunne glede deg over prisen. Må den følge deg i «denne korste stund av strid, denne oppfluktens skrå time»!

Hjertelig til lykke!

Oslo, 19. mai 1972.

Ivar Grotnæss

Hans Børli:

**TALE
ved mottagelsen av Landslaget
for språklig samlings pris**

19/5-1972.

Jeg vil først få si at jeg er dypt takknemlig over å ha fått denne prisen, — og også en god del forundret, for jeg har alltid sett på mine språklige resultater som problematiske, og nettopp ikke prisverdige. Jeg har alltid hatt ei lei kjensle av at jeg språklig sett har falt mellom to stoler: jeg har ikke kjent meg heime hverken i riksmålet eller nynorsken. Og den dialekten vi snakker opp i heimbygda mi, Eidskog, hører til flatbygdsdialekten på Østlandet, og har som sådan hatt liten anseelse, lav status hos filologer og annet lærde folk. Vi

har tjukk l, tilløp til itakisme og alskens styggedom. For å illustrere dette skal jeg få lov til å fortelle noe som hendte for tre-fire år siden: Det kom en journalist fra et ukeblad i Oslo og besøkte meg mens jeg som vanlig dreiv på med tømmerhogst innpå skogen. Vi satt ei stund og pratet ved en tyriarme, — og utover vinteren kom intervjuet i vedkommende ukeblad. Og der skreiv min tvilsomme venn journalisten følgende om språket mitt: «Han snakker en dialekt så bred som låvedøren på en storgård». Hade'n enda ikke sagt storgård, så skulle je prøvd å telgitt'n!

Men i de seinere år har vi provinsforfatterne (for et idiotisk uttrykk!) over Østlandsområdet begynt å bruke dialekten vår med større sjøltillit og fortrøstning enn før. Og det tror jeg vi kan takke en enkelt mann for, nemlig *Alf Prøysen*. Det enestående i denmannens innsats har ennå ikke gått helt opp for oss, tror jeg. Prøysen klarte det kunststykke å gjøre en diskriminert Hedmarksdialekt til et finstamt litteraturspråk. Ja, med sitt drengestuespråk gjorde han seg hørt like inn i de litterære finstuer.

I det hele tatt: den skribent som har en levende dialekt å hente ordtilfang fra, han kan prise seg lykkelig. For når alt kommer til alt så er det jo dialekten som er det egentlige språket her i landet. Våre to offisielle skriftspråk er jo ifølge sin natur mer eller mindre kunstprodukter. Mens dialekten er den levende tunge, morsmålet, hjertets egen stemme.

Sjøl kan jeg godt beskrive saker og ting på et noenlunde rent riksmål. Jeg kan avstands-

SPRÅKLIG SAMLING

skildre ting og situasjoner, men skal jeg gi virkelige nærbilder, skal jeg rykke inn i tingenes sentrum, skal jeg få ordet til å til å være den tingen det utsier, da må jeg ty til dialekt-en.

Ja, riksmålets unektelig noe anemiske språklegeme kan så innerlig godt trenge til slike transfusjoner av røde blodlege-mer fra dialekten. Og jeg synes det er meget fint og rosverdig at Landslaget for språklig samling oppmuntrer og honore-rer nettopp en slik språkutvik-ling. For det er ute blant det skrivende og talende folk at den organiske tilnærming mel-lom våre to skriftspråk foregår, i det stille, — og ikke i mer el-ler mindre stivbeinte stortings-komiteer, hvor de gjerne lager forhåndsmønstre som de så si-den vil tvinge utviklingen inn i.

Den gang jeg for godt og vel et år siden fikk Kritikerprisen og skulle prøve å takke for den, siterte jeg til slutt noe en arbeidskamerat sa en gang. Og la meg også denne gang få slutte med noe jeg har hørt sagt inn-på skogen. De sier mye klokt og fint de gropete gamle kubba inni «slitliene».

Det var under *de harde tret-tåra*, som de nå blir kalt, gjerne i sarkastiske gåseøyne. Og *de åra* var virkelig harde, det kan jeg som gammel skogskar til fulle bekrefte.

Vi hadde basket oss gjennom det verste av en lang, sprett-kald snøvinter. Nå lakket det mot slutten av februar, — en kunne merke de første vage løf-ter om vår i lufta. Vi satt en dag ved varmen og kokte kaf-fen vår i en svartbrent fiske-bollsoks. Det blés sørna den

dagen, og en så de gamle vete-ranene så opp på granbaret og sa: — Du skal se vi får'e be're nå, kærer. Det kan ofte være fint slik i mars, med *drøplesky-er* og *sønnasnag*.

De stillferdige ordene har jeg gjømt i minnet alle de åra som siden er gått. Det er *de jeg* husker fra gråbeinvintrene un-der trettiåra. *Drøpleskyer* og *sønnasnag i mars*. Dét er dia-lektens stemme. Dét er hjer-tets stemme. Det er ikke råd å si det der så fint på riksmål, hvor «sobert» det enn måtte være.

Og jeg synes på en måte at nettopp de orda kan passe på min egen situasjon i dag. På min diktning, for i det hele tatt å bruke et så pretensiøst uttrykk om mine beskjedne skri-verier.

Jeg synes liksom jeg har gjennomlevd en lang, hard vin-ter. Det har gått smått og trått for meg, jeg har ofte kjent det som stod jeg på stedet marsj og tråkket i djup snø. Men de par-te siste åra har det liksom løs-net for meg, jeg har faktisk merket det første draget av sønnavind. Og i mars hører jeg mildværet bruse om meg. Det er *drøppelskyer* og *sønnasnag* over diktets nedsnødde skoger.

Og med dette vil jeg på det hjerteligste få takke forman-nen i Landslaget for språklig samling, Ivar Grotnæss, Lands-laget i det heile, — og alle som har vært med om å gi meg den-ne gleden.

Hjertelig takk, alle sammen! Og jeg håper at jeg i åra som kommer må være i stand til å gjøre meg tilliten verdig.

PRESSEUTKLIPP I SAM-BAND MED LITTERATUR-PRISEN

Nationen 20.5-72.

Litteraturpris til Hans Børli.

Lyrikeren Hans Børli ble i går, ved en høytidelighet i Aschehougs Forlag, overrakt Språklig Samlings litteratur-pris for 1971. Han er dermed den 4de dikter som har mottatt denne pris, etter Aasta Holt, Kaare Holt og Elling M. Solheim. Prisen som besto i en ak-varell av maleren Risberg med motiv fra skog og fjell, ble overrakt av formannen i Språklig Samling, lektor Ivar Grotnæss. På vegne av forlaget hilste for-lagskonsulent Harald Vindalen. Han gav et kort oversyn over Børlis produksjon av tre roman-ner, en samling fortellinger og 12 diktsamlinger, mens den 13. «Kyndelsmesse» vil foreligge på Aschehoug i høst. Han karakteriserte Børli som en fremragende mester i fortetning og kon-sentrerasjon gjennom et en-kelt språk preget av usminkede folkelighet.

Hans Børli gav i sin takke-tale uttrykk for sin forundring over at han ble tildelt nettopp denne pris, fordi han alltid har vært redd for at hans språk ikke var prisverdig.» Jeg har vært redd for at det falt mellom to stoler, riksmål og nynorsk.» Han mintes Alf Prøysen som mer enn noen andre hadde skapt aktelse for dialekten og ført drengestuespråket inn i finstu-ene. Han priste dialekten som det virkelige språk, det levende mål, hjertemålet, språket som gir nærbilde og får ordet til å være tingen det utsier. Med

denne pris — og det svenske akademis Doblougpris på 20.000 sv. kr. som han ble tildelt 17. mai — «merker jeg de første drag av sønnavind i lufta», sluttet prisvinneren.

Aftenposten 20.3.-72.

Lyrikeren Hans Børli er virkelig blitt feiret i det siste. 17. mai fikk han den store Doblougprisen 1972 sammen med den svenske forfatteren Erik Beckman. Igår fikk han overlevert Landslaget for Språklig Samlings litteraturpris 1971.

Prisen, en akvarell av Harald Risberg, ble overrakt av landslagets formann, lektor Ivar Grotnæss under en liten høytidelighet i Aschehoug igår. Tidligere har Kåre Holt, Aaste Holt og Elling M. Solheim fått den. Grotnæss minnet om Børlis litterære produksjon som foruten tolv diktsamlinger omfatter tre romaner og en samling fortellinger. Diktsamling nr. 13, «Kyn delsmesse» kommer til høsten. Han berømmet Børli for skaperkraften i hans diktning — i pakt med østlandsdialektenes beste tradisjoner.

Forlagskonsulent Harald Vindalen sa at Børli er en mester i å konsentrere diktet om det vesentlige i en fortetting, til glede for diktets spenning. Alt dette i et enkelt sprog med et sublimt innhold. Forlaget ga blomster til fruen og «lomme pengen» til prisvinneren.

Børli sa seg forundret over prisen, fordi han hadde «problemer» med sitt sprog, lite anerkjent hos «eksperter». Men takket være én mann — Alf Prøysen — kunne skribenter nå med større tillit og fortrøstning bruke sin egen dialekt.

— Og det er jo dialektene

LANDSLAGET for SPRÅKLIG SAMLING

Gaver 1972

B. Gøysdal, Atrå kr. 30, G. Gauslå Lillesand 5,00, J. O. Hansen, Oslo 5,00, J. Risdal, Nordstrandhøgda 5,-, R. Stenersen, Oslo 80,00, E. Hofset, Oslo 5,00, O. Byrkjeland, Hokksund 20,00, G. Stensvand, Arendal 10,00, J. Valved, Ytre Laksevåg 40,00, J. Vidar, Notodden 20,00, T. Kråkevik, Jondal 10,00, K. Mønnesland, Oslo 20,00, A. E. Oldem, Fredrikstad 100,00, K. Eide, Notodden, 10,00, E. Olsen, Feda 5,00, Aa. Løvland, Arendal 10,00, K. Aas Holm, Veigårshei 30,00, O. Aase, Eidsvoll 30,-, H. M. Vesaas, Oslo 80,00, O. Jonsmoen, Auma 15,00, O. Kyllonen, Oslo 10,00, S. og K. Aamlid, Arendal 40,-, Å. Aakvik, Levanger 200,00, E. Lundebø, Høn 20,00, T. Refsdal, Rjukan 30,00, R. Aavik, Akkerhaugen 30,00, K. Dalen, Tvedestrand kr. 20,00.

Hans Børli:

VED SKRIVEBORDDET

*Dine dikt flyr bort fra deg.
Du eier dem bare
denne korte stund av strid,
denne oppfluktens skrå time
før de får luft under vingene.*

*Det er som
når storlomen letter skrikende
fra vindrørt sjø om høsten:
Lenge hamrer vingene panisk
fort
mot skumhvite bølgekammer --
Så ser du fuglen
fritt mot himlen over åsen i sør,
liten, og allerede langt borte.*

som er det egentlige sprog. Skriftsprøgene er kunstprodukter, dialekten er selve morsmålet — hjertets sprog. En skribent som har en levende dialekt å øse ordtilfang av kan være lykkelig, sa Hans Børli.

NORSK SPRÅKRÅD

Norsk språkråd holdt møte i Oslo 14.—15. april. Dette var første møte i Språkrådet etter det konstituerende møtet 1. februar i år.

Den viktigste saken på møtet var «Allmenn drøfting av språksituasjonen og Norsk språkråds arbeidsoppgaver, herunder rettskrivningsspørsmålet». Her innledet formannen i Norsk språkråd, forlagssjef Johs. Aanderaa, og varaformannen, rektor Gorgus Coward, og drøftingen fant sted dels i plenum, dels i seksjonsmøter. I denne sammenheng ble opprettelsen av Norsk leksikografisk institutt og utkastet til lov om mellomskolen diskutert. Om Norsk leksikografisk institutt gjorde Språkrådet enstemmig dette vedtaket:

«Norsk språkråd vil sterkt støtte forslaget fra Universitetet i Oslo om opprettelse av Norsk leksikografisk institutt, og be om at instituttet blir opprettet fra og med 1. juli 1972.

Forslaget er i samsvar med Vogt-komiteens anbefaling, og fikk enstemmig støtte under behandlingen av meldingen om språksaken i Stortinget.

For Språkrådets arbeid vil det være av avgjørende betydning at et slikt institutt kommer i virksomhet snarest mulig, og at det får de nødvendige midler til innsamling, bearbeiding, utforsking og publisering av språkmateriale.»

Paragraf 35 i utkast til lov om mellomskolen ble drøftet. Om lærebøker og andre lærermidler vedtok Språkrådet (mot to stemmer) å foreslå for departemen-

SPRÅKLIG SAMLING

tet at § 35 i utkastet til lov om mellomskolen får denne ordlyden:

§ 35 Lærebøker og andre læremidler.

Staten skal medvirke til å fremme rasjonell produksjon og bruk av læremidler. Så langt råd er, skal prinsippet om språklig likestilling legges til grunn.

Lærebøker som brukes i mellomskolen, må være språklig godkjent av departementet. Lærebøker i andre fag enn norsk må foreligge til samme tid og samme pris på bokmål og nynorsk. Departementet kan gjøre unntak fra disse reglene.

Departementet gir for øvrig nærmere regler om godkjenning av lærebøker.»

Språkrådet knyttet denne kommentaren til endringsforslaget:

«Enda Norsk språkråd prinsipielt meiner at alle lærebøker som blir brukte i mellomskolen, bør finnast på begge målformer, er rådet klar over at det i praksis må gjerast unntak frå den allmenne regelen oftare enn når det gjeld lærebøker for grunnskolen.»

Det ble i debatten uttalt at dette paragraf-forslaget først og fremst uttrykker samfunnets vilje til å yte rettferdighet for den gruppe som språklig er i minoritet, men at praktiske om-syn kan føre til at intensjonen ikke alltid kan oppfylles helt ut.

Om sidemålsopplæringen i mellomskolen gjorde Språkrådet dette vedtaket (mot en stemme):

«Norsk språkråd vil minne om at spørsmålet om sidemålsopplæringa i gymnasiet har vore sett på som ei viktig språkpolitiske sak i vårt land. Føresegner om sidemålsopplæringa er i dag teknne inn i Lov av 12. juni 1964 om realskoler og gymnas (§ 5), jfr. tilsvarende føreseigner i Lov av 13. juni 1969 om grunnskolen (§ 41).

Både Vogt-komiteen (Instilling om språksaken s. 27), Kyrkje- og undervisningsdepartementet (St. meld. nr. 15 (1968-69) s. 48-49) og Kyrkje- og undervisningsnemnda i Stortinget (Innst. S. nr. 189 (1969-70) s. 282) har understreka kor viktig det er å halde oppe både den munnlege og skriftlege sidemålsopplæringa, og Norsk språkråd viser til det som er uttala i desse dokumenta.

Enda det oversende utkastet er ei rammelov utan føreseigner om fagkrinsar og læreplanar, synes språkspørsmålet å stå i ei særstilling i vårt land, og Norsk språkråd vil be Kyrkje- og undervisningsdepartementet vurdere på kva for måte ein i samband med den nye lova om mellomskolen kan få stadfest dei prinsipp som hittil har lege til grunn for sidemålsopplæringa som Vogt-komiteen, Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Stortinget har sagt seg samde i.»

Det ble i debatten uttalt at «å halde oppe den munnlege og skriftlege sidemålsopplæringa» ikke betyr at den tradisjonelle form for skriftlig sidemålsksamten skal overføres i det som i dag heter yrkesskoler, eller at den skriftlige sidemålsksamten i den rent teoretiske delen av

mellomskolen nødvendigvis skal ha samme form som i dag.

I rettskrivningsspørsmålet gjorde Språkrådet dette vedtaket:

«Bokmålsseksjonen i Norsk språkråd mener at det må skje en liberalisering av rettskrivningsreglene i bokmål, og at dette må settes i verk så raskt som mulig.

Før en fullstendig rettskrivningsrevisjon kan settes i gang, nedsettes det straks et hurtigarbeidende utvalg, bestående av fagnemndas bokmålsmedlemmer som varamenn, som tar for seg reglene for

- a) hunnkjønnsbøyningen,
- b) flertallsbøyning av intetkjønnsord,
- c) fortidsbøyning av svake verb, og utvalgets uttalelse oversendes departementet.»

Språkrådet drøftet også sin egen informasjonstjeneste og de fullmakter fagnemnda skulle ha, og foretok valg på varamenn til styret. Det ble vedtatt at styret skulle sette ned et særutvalg som skulle komme med forslag om hvordan Språkrådet best kunne gjøre arbeidet sitt kjent.

Norsk språkråd sluttet seg til framlegget fra Norsk kulturråd om at det blir opprettet en pris for god fagprosa, og at Språkrådet skal være med og utforme retningslinjene for fagprosaprisen og innstille kandidater til prisen, som utdeles av Norsk kulturråd og Norsk språkråd i fellesskap.

Norsk språkråd sluttet seg også til et forslag fra styret i Rådet for Teknisk Terminologi om et eventuelt kontor- og sekretariatfellesskap.

OLAV DALGARD: NORSK SCENESPRÅK

II. Dialekt og nynorsk

Eg prøvde i første artikkelen å ettervise den konserverande rolla våre bokmålstalande teater har spela i dette hundreåret. Sjølsagt må ein vere klar over at denne konservatismen botnar i det språkgrunnlag som våre klassiske dramatikarar la grunnen til med Ibsen, Bjørnson og Gunnar Heiberg i brodden. Trass i at desse la vinn på å skape ein norsk replikk — og i stor mon greidde det når det galdt seiemåtar, rytme og til dels særnorsk ordval — så har dei hindra den fornorskingslina som Knud Knudsen og det første Norske Teater i hovudstaden la opp til i 1850-åra, å utvikla seg vidare i samnorsk lei. Den «dannede tale» i hovudstaden, som nedvurderte alle folkemålsformer til ukultivert «gadesprog», slo med kvart i gjennom ved alle våre bokmålstalande teater, og er stort sett einerådande den dag i dag.

Som nemnt i første artikkelen gjorde Nationaltheatret eit unntak, for den populære «Fossegrimen» til Sigurd Eldegard. Men da samme forfattaren fekk godtatt eit samtidsstykke nekta skodespelarane å spele på «et sprog de ikke hadde lært». Og i det må ein gje skodespelarane rett. Men dette vedtaket fekk følgjer, i det det klårgjorde for målfylkingen — som voks seg sterkt i åra kring 1905 — at ville dei høre sitt eige mål frå scenen så måtte dei skape sitt eige teater. Dette vart til røynd 2. januar 1913 med første framsyninga til Det Norske Teatret. Da hadde Hulda Garborg gjort

eit viktig førebuande arbeid med amatørgruppa Det Norske Spellaget.

Ein av dei første vanskane som melde seg var målforma. Her stod to sterke grupper i mot kvarandre, den såkalla Hægstad-normalen som bygde på Ivar Aasens konservative (les: arkaistiske) line, den som er markert i regla: «Me hev fenge soli». Kritisk til denne stod Arne Garborg og Aleksander Seippel som hadde sluttar seg til det «midlandsmalet» filologen Rasmus Flo hadde sett opp på treklangen ar-ir-ur (dagar, skriftir, gjentur osv.) som grunnakkord. Dei ville halde mest mogeleg på det levande talet i bygdene, med Telemark som sentrum. Strevet deres sette sterke merke hos mange nynorske forfattarar, som Moren, Aukrust, Uppdal og Duun. Når denne normen likevel ikkje slo varig i gjennom så kom det nok av at former som skriftir og gjentur ikke hadde sterke nok røter i det samla norske dialektgrunnlaget.

Ved Det Norske Teatret prøvde Hulda Garborg legge midlandsmalet til grunn for gruppa si. Det samme gjorde Arne Garborg som første språkksulent ved DNT, og markerte dette klårt i den første oppsettinga av «Læraren». Seinare heldt Aleksander Seippel fram med samme normalen, og gjorde mye til å hindre «stumme konsonantar» å breie seg. Den einaste av dei første skodespelarane som desse fall naturleg for var Edvard Drabløs. Men Drabløs, som elles hadde den

mest «normale» dialekten å bygge på — i motsetnad til Lars Tvinde som kom med sitt — etter teatersjefens dom — «umulige» vossamål — blei alt andre året så misnøgd med «målkaoset» som rådde på prøvene at han laga sin eigen turne og reiste med eit par år.

